

# INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT KRINSTING 2012 NBF SOGN OG FJORDANE.

NBF Sogn og Fjordane kallar inn til ekstraordinært krinsting på Skei, Esso sitt møterom, søndag 17.juni kl.16.00.

Sakliste:

- 1 Suppleringsval til Krinsstyret.
- 2 Rokkering av verv mellom dei som er valde til styret.

Med stemmerett møter:

- Krinsstyret sine medlemmer,
- Klubbleiarar.
- Valte representantar frå klubber, som skal dokumenterast med fullmakt, etter slik skala:

Inntil 24 medlemmer	1 representant
25-50 medlemmer	2 representantar
Over 50 medlemmer	3 representantar

Med tale- og forslagsrett kan møte:

- Representant for forbundsstyret.
- Æresmedlemmer.
- Krinsstyret sine varamedlemmer.
- Leiarar av krinsstinget sine oppnemnde komitear med tale- og forslagsrett innanfor vedkommande sitt arbeidsområde, kfr. NBFs vedtekter §§ 4-1 og 7-1.
- Revisor med talerett innanfor vedkommandes arbeidsområde.
- Andre som krinssting eller krinsstyre byr inn kan gjevast denne retten.

Saksutgreiing:

Ved ordinært Krinsting klarte vi ikkje å få vald ny leiar. Det vart heller ikkje vald vara til styret. Det vart då sett ned ein ny valkomite som har prøvd å finna ny leiar. Denne valkomiteen har vore samansett av Åsbjørn Hegrenes, Knut Skorpen og Gunn Angelskår. Ingen av dei vi har spurt har sagt seg villig til å overta som ny leiar.

Valkomiteen stiller seg difor til disposisjon og vil kunna gå inn i styret eller i varaposisjonar. Vi held det ope for at det kan bli rokking på verv mellom dei som alt er innvalde til styret, og må difor ta dette med på sakslista, fordi eit ekstraordinært Krinsting berre kan handsama dei sakene det er innkalla til.

Merk at klubbane framleis kan melda inn forslag på ny leiar eller til andre posisjonar. Dette kan skje ved å kontakta styret på førehand, eller ved å leggja fram forslaget på møtet.

Dei som vert foreslått, må vera spurt og villig til å ta vervet.

NBF Sogn og Fjordane

Med helsing

Gunn M Angelskår

-tidl. leiar-